



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato  
17.12.2015  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2015/15972 633.1  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Invitasjon til satsinga «Vurdering for læring» - pulje 7

Utdanningsdirektoratet v/Fylkesmannen vil invitere skuleeigarar til vidare satsing på vurderingsarbeid gjennom deltaking i ”Vurdering for læring” – pulje 7. Deltakinga gjeld i perioden frå mars/april 2016 til mars/april 2018. Målgruppa er skuleeigarar som ikkje har deltatt tidlegare.

Kvar kommune skal som hovudregel delta med minst tre skular. Kommunale vaksenopplæringsssentre med grunnskuleopplæring kan også delta. Både skular med barnetrinn og ungdomstrinn bør vere representerte. Skuleeigarar vert oppmoda til å involvere PPT i satsinga. Det er ein føresetnad at deltakinga er frivillig.

Private skuleeigarar som ikkje tidlegare har deltatt, kan også søkje.

Det er viktig at målsetting, grunnlaget for satsinga og forpliktingar ved å delta, er forankra hos skuleeigar og skulene før de søker om deltaking.

### Roller og ansvar

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eit grunnlagsdokumentet for satsinga. Dette dokumentet omtaler mellom anna ulike roller og ansvar i satsingsperioden. Utdanningsdirektoratet seier i brevet til Fylkesmannen at skuleeigar har det overordna ansvaret for planlegging, gjennomføring og oppfølging lokalt og skal

- velje ut ein eller fleire ressurspersonar som til saman skal ha ein stillingsprosent på minimum 20 % i heile deltakarperioden.
- kartleggje skulane sin vurderingspraksis og vurderingskultur ved å bruke resultat frå Elevundersøkinga og til dømes Ståstadsanalysen eller anna eigna refleksjons- eller kartleggingsverktøy for planlegging og oppfølging lokalt
- i samarbeid med skulane utvikle forpliktande planar for eit fagleg og organisatorisk kompetanseutviklingsopplegg
- vurdere behov for og eventuelt etablere samarbeid med høgskular, universitet eller andre fagmiljø om kompetanseutvikling knytt til vurdering for læring
- arrangere oppstartsamling, evt. i samarbeid med andre skuleeigarar, der premissane for organisering og fagleg innhald vert presentert for å skape ei felles forståing for innhald og målsetting med satsinga
- rettleie og støtte skular i arbeidet med vurdering for læring
- delta i aktuelle lokale og/eller regionale nettverk/samarbeidsfora

- delta i direktoratet sitt kompetanseutviklingsopplegg
- sørge for erfaringsdeling i sin region
- rapportere om erfaringar og skulane si utvikling, samt bruk av midlar

Utdanningsdirektoratet seier vidare:

*«Skoleeiers ressursperson(-er) skal drive utviklingsarbeidet lokalt, både når det gjelder innhold og organisering. Ressurspersonene bør ha erfaring med å drive utviklingsprosesser gjennom nettverk og ha en viss kompetanse i vurdering, og kan være ansatt hos skoleeier, ved en skole, i universitets- og høyskolesektoren eller evt. annet kompetansemiljø. Det er også mulig at ressurspersoner kan ha høyere stillingsprosent og eventuelt være knyttet til flere skoleeiere. Ved valg av ressursperson bør skoleeier ta hensyn til at personene har relevant kompetanse og hvordan personene kan fungere som ressurs i arbeidet med vurdering for læring på skoler og skoleeiernivå også etter at perioden i den nasjonale satsingen er avsluttet.*

*Skoleeier forplikter seg til at ressurspersonene deltar og bidrar på seks to-dagers samlinger i løpet av perioden i regi av Utdanningsdirektoratet. Det er viktig at forståelsen av vurdering for læring er godt forankret hos skoleeier.»*

Skular og skuleeigarar som deltar vil mellom anna få høve til å:

- utvikle kompetanse i vurdering for læring
- tydeleggjere samanhangen mellom undervegs- og sluttvurdering
- få rettleiing og støtte i vurderingsarbeidet
- få eit systematisk og målretta samarbeid om vurdering
- utveksle erfaringar med andre skular
- vidareutvikle ein vurderingspraksis som er meir fagleg relevant og rettferdig og som involverer elevane
- vere med å utvikle gode modellar og samarbeidsformer for kompetanseutvikling i vurdering

### **Føringar for deltaking - kommunane**

Fylkesmannen skal vektleggje at skuleeigar har

1. omtalt i korte trekk korleis dei vil organisere og forankre satsinga
2. planar for korleis erfaringar frå utviklingsarbeidet skal spreiaast til alle skulane og vaksenopplæringsentra i kommunen
3. ein realistisk plan for finansiering og gjennomføring av kompetanseutvikling i vurdering i 2016 – 2018
4. planar for korleis dei skal involvere elevar og eventuelt føresette i utviklingsarbeidet, eventuelt korleis PPT skal involverast
5. oppgitt kor mange og kva for skolar og eventuelt vaksenopplæringsentra som vil bli involvert i satsinga

Fylkesmannen kan og leggje vekt på om det er høve til spreiding av erfaringar og kompetanse mellom kommunar.

### **Føringar for deltaking – private skuleeigarar**

Fylkesmannen skal sende alle søknadene frå private skuleeigarar til direktoratet som vil vurdere søknadene samla for heile landet. Utdanningsdirektoratet vil leggje vekt på at skuleeigar har:

1. kort omtalt korleis dei vil organisere og forankre satsinga
2. planar for korleis erfaringar frå utviklingsarbeidet skal komme heile skulen til gode
3. ein realistisk plan for finansiering og gjennomføring av kompetanseutvikling i vurdering i 2016-2018
4. planar for korleis dei skal involvere elevar og eventuelt føresette i utviklingsarbeidet

For private skuleeigarar er det ein føresetnad at skulen skal ha ein ressursperson som skal fungere som pådrivar for satsinga og møte på samlingane som Utdanningsdirektoratet arrangerer. Direktoratet tilrår derfor at rektor eller ein annan i skuleleiinga fungerer som ressursperson. Det kan også vere aktuelt for til dømes skulesamanslutningar å samarbeide om ein felles ressursperson som hjelper skulane i utviklingsarbeidet.

Kravet til 20 % stilling som ressursperson gjeld for kommunane som har minst tre skular med i satsinga. For private skular er kravet at ressurspersonane deltar på direktoratet sine møte og samlingar i Oslo, og at dei er pådrivarar i utviklingsarbeidet på skulane. Det er ikkje sett opp eit bestemt krav til stillingsprosent for ressursperson på dei private skulane.

Kvar private skule får tildelt midlar etter at den har levert ein plan for deltaking i satsinga. Det er ein føresetnad at skulen i tillegg stiller eigne midlar til rådvelde. Ein del av midlane skal brukast til reise og opphald i samband med møte og samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet og til frikjøp av ressursperson. I tillegg kan midlane brukast til frikjøp av tid for lærarar og eventuell innhenting av ekstern fagkompetanse.

### **Økonomi**

Utdanningsdirektoratet tildeler midlar til skuleeigar via Fylkesmannen. Skuleeigar disponerer midlane ut får førehandsdefinerte kriterier. Kvar skuleeigar som blir valt ut til å delta, mottar inntil kr 260.000 i deltakarstøtte per kommune og inntil kr 100 000 per private skuleeigar. Midlane gjeld heile deltakarperioden, og det er føresett ei viss eigenfinansiering frå skuleeigar.

Midlane skal mellom anna nyttast til

- frikjøp/tilsetting av ein eller fleire ressursperson(-ar) i minimum 20 % stilling gjennom heile deltakarperioden
- å dekkje reise og opphald i samband med møte og samlingar i regi av utdanningsdirektoratet
- å gjennomføre oppstartsamling
- å dekkje utgifter til møte og samlingar i lokale nettverk

### **Viktige datoar**

- **17. mars 2016** arrangerer Utdanningsdirektoratet oppstartsmøte for representantar frå alle kommunale og private skuleeigarar. Direktoratet tilrår at det møter representantar frå administrativt og politisk nivå i deltakarkommunane. Direktoratet sender eigen invitasjon til dette.
- **1. mai 2016** blir det samling i Oslo for ressurspersonane og skuleeigarane i deltakarkommunane og dei private skulane.
- **1. juni 2016** er fristen Utdanningsdirektoratet har sett for innlevering av plan for satsinga til Fylkesmannen. Midlane blir først utbetalt når planen er levert.

Fylkesmennene har fått kort frist frå direktoratet, og søknadsfristen er derfor tilsvarende kort. Vi ber om ein kortfatta søknad som omtaler dei punkta som er gitt under overskrifta «Føringar for deltaking» over innan **1. februar 2016**. Fylkesmannen har frist til 12. februar. Utdanningsdirektoratet tar sikte på å ferdigbehandle søknadene innan 19. januar.

Vi ber om at søknaden blir send elektronisk til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) merka med **saksnr. 2015/15972**.

På nettsida til Utdanningsdirektoratet er det meir informasjon om den nasjonale satsinga [www.udir.no/Vurdering-for-laring/](http://www.udir.no/Vurdering-for-laring/).

Spørsmål kan rettast til Jon Fjeldstad, [fmhojfj@fylkesmannen.no](mailto:fmhojfj@fylkesmannen.no) eller til Eva Bendiksen, [fmhoevb@fylkesmannen.no](mailto:fmhoevb@fylkesmannen.no)

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*